



Goman Rognaldsen AS
Veråsvegen 234
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1874 - 17/17222

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2017

Varsel om pålegg om oppgradering av feittavskiljar - gbnr 108/88 Lindås

Lindås kommune viser til dialog med dykkar verksemd vedkomande mogleg forureining i form av feitt i sjøoverflata i Ådnevika.

Verksemda Goman Rognaldsen AS er tilknytt kommunalt VA-anlegg.

Påsløpp av feittaldig avlaupsvatn kan gje driftsproblem på det kommunale leidningsnett. For å hindra gjentetting av leidningsnett er det for dykkar verksemd sett krav om at det skal installerast feittavskiljar.

Kommunen er mynde etter forureiningsforskrifta § 15A som gjeld «Påsløpp» og kan stilla krav til påsløpp til offentleg avlaupsnett. Vi har også mynde til å be om innsending av opplysningar når vi finn det naudsynt, jf forureiningslova § 49 som gjeld opplysningsplikt.

Eksisterande feittavskiljar for verksemda er installert for lang tid tilbake og vart prosjektert ut frå eit anna produksjonsgrunnlag enn det som er ved verksemda i dag. Kommunen har gjennom dialog i saka varsla at feittavskiljaren bør oppgraderast.

Når Lindås kommune skal fastsetja nye krav til påsløppet frå verksemda er det ei rekkje opplysningar som skal vurderast. I den samanheng ber vi om at det vert gjort greie for følgjande:

- Det må sendast inn ei skildring av produksjonsprosessen og gjerast greie for kva delar av produksjonen som generer avlaupsvatn
- Det må gjerast greie for utsleppsvolum, type utslepp og dei ulike utsleppspunkt ved verksemda
- Det må gjerast greie for reingjeringsprosedyrar, kor dei vert utført og bruk av reingjeringsmiddel, desinfeksjonsmiddel og liknande.
- Alle tilknyttingspunkta inne på verksemda sitt område og på det offentlege avlaupsnett skal teiknast inn på botnleidningskart/planskisse og på kartutsnitt av området.



Lindås kommune varslar med dette at vi vil gje pålegg om oppgradering av feittavskiljaren ved verksemda og at det må sendast inn nødvendige opplysningar om verksemda sitt utslepp som skildra i teksten over.

Frist for innsending av opplysningar vert sett til 3 veker, dvs 11.07.2017.

Tilbakemelding gis skriftleg til postmottak@lindas.kommune eller Lindås kommune, Postmottak, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Spørsmål om forhold som gjeld vilkår knytt til påkoplinga til det kommunale kloakkanlegget kan rettast til Eining for teknisk drift ved Arne Helgesen.

For informasjon vert det vist til Lindås kommune si forskrift for fettutskiljar:

<https://www.lindas.kommune.no/getfile.php/3089117.2235.ayeywfyq/Forskrift+for+fettutskiljar.pdf>

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eining for Teknisk drift	her		
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen

Mottakarar:

Goman Rognaldsen AS	Veråsvegen 234	5955	LINDÅS
---------------------	----------------	------	--------